



Prosjektskiltring "Entreprenøriell vektøykasse"

Versjon 01.07.2016

1. Eigarar av prosjektet

Dette prosjektet er eigd av Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane (UE) ved dagleg leiar Holger Aasen, og Sogn regionråd ved programleiar Claus Røynesdal. UE er ei nasjonal stifting med tilsette i kvart fylke. UE sitt oppdrag og føremål er å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidslivet. Sogn regionråd er eit interkommunalt selskap og samarbeidsorgan for dei ni kommunane i indre Sogn; Høyanger, Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal. Regionrådet arbeidar spesielt med barnehage- og skuleutvikling, gjennom programmet "System for styrka læring". Gjennomføringa av dette prosjektet skjer i nært samarbeid med Vik kommune og Feios skule.

1.1 Føremål og hovudmål med prosjektet

Det er etter kvart kome noko forskning på entreprenørskap i skulen. Det er også ei rekkje metodar, tiltak og aktivitetar som er utarbeidd for bruk i skulen. Vi har altså både teori og metode. Hovudproblemet er å både synleggjere og styrke koplinga mellom teori og praksis – og det som er grunnlaget for praksis i skulen: Læreplanen. Norsk skule i dag manglar den direkte koplinga mellom entreprenørielle aktivitetar og måla i læreplanen. Læreplanen er delt i tre; Prinsipp for opplæringa, den generelle delen og dei fagspesifikke læreplanane. Den generelle delen av læreplanen er det overordna målet. Den har sju punkt:

1. Det meiningsøskande menneske
2. Det skapande menneske
3. Det arbeidande menneske
4. Det ålmenndanna menneske
5. Det samarbeidande menneske
6. Det miljømedvitne menneske
7. Det integrerte menneske

Arbeidet med entreprenørskap i skulen har altså solid forankring i den generelle delen av læreplanen. Utdringa er å vise til kva mål i dei respektive læreplanane for kvart fag i grunnskulen vi oppnår og realiserer, ved bruk av entreprenørskap som metode.

Vi har to hovudmål med prosjektet "Entreprenøriell verktøykasse":

1. Prosjektet skal synleggjere kva mål i dei spesifikke læreplanmåla for kvart fag på 1.-10. trinn i grunnskulen vi kan oppnå og realisere, med bruk av pedagogisk entreprenørskap som metode.
2. Prosjektet skal synleggjere, dokumentere og vise verktøy, arbeidsmåtar og eit utval av metodar skular kan nytte i arbeidet med å nå måla i læreplanen med bruk av entreprenørielle verktøy som metode.

Det er av regional, nasjonal og internasjonal interesse å kunne dokumentere desse to hovudmåla.

2. Bakgrunn

Kommunane i Sogn har sidan 2006 drevet eit særskilt aktivt arbeid med barnehage- og skuleutvikling. Vi har vore pionerar på ei rekkje område, og gjennomfører målretta utviklingsarbeid. Sentrale suksesskriterium i dette utviklingsarbeidet er nært samarbeid med andre kunnskaps- og utviklingsorienterte partnerar. Det er eit tett samarbeid med kommunalsjefane (barnehage- og skuleeigarane). I tillegg har vi eit eige programstyre for å drive langsiktig kvalitetsutvikling i forpliktande samarbeid med andre utviklingsaktørar. Høgskulen i Sogn og

Fjordane og Ungt Entreprenørskap har vore aktivt med i programstyret sidan 2006. Utvikling krev tålmod og forpliktande samarbeid over tid. Dette vil nok også kunne seiast å vere noko av forklaringa på at region Sogn jamleg har dei beste skulefaglege resultatata å vise til i Noreg.

2.1 Kvifor entreprenørskap i skulen

Entreprenørskap er eit multidisiplinært fenomen, noko som også gjer det vanskeleg å presist definere det for bruk i skulen. Det handlar om aktivitet og samspel i eit vidt omfang, og vi tenkjer først og fremst på utvikling av kreativitet, initiativ, innovasjon, sjølvstende og praktisk klokskap. Pedagogisk entreprenørskap er:

Handlingsorientert undervisning og opplæring i en sosial kontekst med individet sjølv som aktør i egen læring og hvor personlige egenskaper, evner, kunnskaper og ferdigheter danner grunnlag og retning for læreprosessen (Inger Karin Røe Ødegård, 2003)

Entreprenørskap i skulen handlar altså om varierte og motiverande undervisnings- og læreformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, innovasjon, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten. Samarbeid mellom skule og arbeids- og næringslivet gir læringa ytterlegare meining, og byggjer bru mellom teori og praksis. Dette aukar variasjon og kreativitet i undervisninga. Pedagogisk entreprenørskap er både ein leiingsfilosofi, ein måte å organisere skulen på – og konkrete elevaktivitetar. Pedagogisk entreprenørskap er ein strategi som gir variasjon, meistring, motivasjon og moglegheiter, både innan økonomisk, sosialt og kulturelt entreprenørskap.

Opplæringslov, forskrifter og læreplanen gjeld for alle kommunane i landet. Men; skuleeigarskapen i distrikta handlar ikkje berre om danning og utdanning. Vi har ei dobbel utfordring: Folketalet i Sogn og Fjordane er om lag det same i år 2016 som i år 1900. Det fordrar at skuleeigarar i Sogn må gå ut over rammene i opplæringslova og ta meir aktive grep for å knyte band, bygge relasjonar, synleggjere moglegheiter og mangfald i lokalt og regionalt arbeids- og næringsliv. Vi må redusere, stogge og førebyggje flyttestraumen til urbane strok. Entreprenørskap i skulen er difor av høgste strategiske interesse for kommunane i Sogn.

Satsinga på entreprenørskap er ikkje tufta på ei naiv forventning om at ungdom skal starte egne verksemder i hopetal. Dei fleste av oss startar ikkje egne verksemder. Entreprenørskap i klassisk økonomisk forståing er viktig. I skulen må vi dyrke entreprenørskap som ein læringsstrategi for å nå måla i læreplanane. Det handlar om å utvikle elevane sine personlege eigenskapar, haldningar, kunnskapar og kreative ferdigheiter. Vi kan alle lære oss å sjå problem og utfordringar som moglegheiter til å skape verdier. Ved å gje elevane trening i kreativitet, problemløysing, humor, samarbeid og kommunikasjon, kan dei bidra til å utvikle organisasjonar og verksemder frå sin ståstad – heile livet. Det er avgjerande viktig for framtida vår at ungdomen har god kjennskap til nærings- og arbeidsmarknaden i eiga region.

2.2 Aktivitetar og tilbod til skulane frå Ungt Entreprenørskap

Ungt Entreprenørskap har utvikla om lag 20 program, frå grunnskule til vidaregåande skule. På dei ulike trinna ligg det pedagogiske program som tek høgde for ei god progresjon gjennom heile utdanningslauget. Programma vert ofte gjennomført i nært samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv. Erfaringslæring og refleksjon står sentralt i dette arbeidet med å utvikle barn og unge sin kreativitet og handlingskompetanse. Ungt Entreprenørskap gir tilbod om desse programma: Grunnskule 1.-7. klasse:

1. Våre familiar
2. Vårt lokalsamfunn

3. Sikksakk Europa
4. SMART (Kunnskap om lokalsamfunn og bruk av eigen kreativitet)

Ungdomsskule 8.-10. klasse:

5. Elevbedrift
6. Innovasjonscamp
7. Økonomi og val av karriere
8. Jobbskugging
9. Sjå moglegheitene
10. TeknoVisjon

Det er heilt opp til kommunane, skulane og rektor om dei tek imot desse gratis tilboda. Utfordringa for skulane er å planleggje inn aktivitetane i årshjula sine, for kvart år i grunnskulen. Det er stor variasjon mellom skulane også i Sogn, i kva grad dei tek i mot tilboda frå UE. Mange skular har også eigendefinerte entreprenørskapsaktivitetar i tillegg.

2.3 Konkrete tiltak i region Sogn

Sogn regionråd var først ute i Noreg med rektorutdanning. Vi byrja i 2007 ei 30 stp. utdanning, med vekt på entreprenørskap og lærande organisasjon. Vi gjennomførte to kull, med 37 skuleleiarar tok utdanninga. Vi gjennomførte også leiarutdanning for barnehagesektoren, med 61 styrarar og pedagogiske leiarar som tok tilsvarande utdanning. Dermed har vi bygd eit godt teoretisk grunnlag, både å sjå koplinga mellom entreprenørskap og skulen som ein lærande organisasjon. HiSF stod for undervisninga, delfinansiert av OU-midlar frå KS. I samarbeid med Sogn regionråd har HiSF utarbeidd eit pilotstudie på 30 stp. i pedagogisk entreprenørskap. Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd var her dei økonomiske støttespelarane til HiSF.

Med Ungt Entreprenørskap si deltaking i det regionale programstyret for skuleutvikling i Sogn, vart kommunane utfordra til å lage ein regional entreprenørskapsmesse for alle ungdomsskulane. Første messe vart arrangert i Balestrand i 2009. I 2017 er det Høyanger kommune som er vertskap. Då har vi vore igjennom første runde i alle dei ni kommunane. Entreprenørskapsmessa i Sogn er unik i den forstand at det er ei særst avansert messe. Alle 8. klassingane i regionen er målgruppa. Dei blir inviterte til å sjå på, vurdere og lære av dei 26 elevbedriftene frå 9. klassane som har kvalifisert seg til denne regionale finalen. I tillegg til å vurdere elevbedriftene, får alle 8. klassingane eit guida besøk på ein lokal bedrift. Dei får også eit plenumsfødredrag av lokale entreprenørar. Da har vi over 600 ungdommar frå ni kommunar på messa. Det er Ungt Entreprenørskap og Sogn regionråd som er eigarar og arrangør av den årlege messa, i nært samarbeid med den kommunen som er vertskommune.

Vi har også eit regionalt fagnettverk i entreprenørskap, også dette eit samarbeid mellom UE og Sogn regionråd. Dette nettverket samlast kvar september. Målet med eit slikt læringsnettverk er å dele, bruke og skape ny kunnskap. Her kjem lærarar, skuleleiarar og representantar frå næringssjefane til erfaringsutveksling og kunnskapsbygging. Fagnettverket om hausten og den store entreprenørskapsmessa i mai kvart år, verkar systematiserande og drivande på entreprenørskapsarbeidet på skulane i Sogn.

Med støtte frå Det Dansk-Norske fond, reiste ein delegasjon frå Sogn regionråd på studietur til Danmark 11.-14. april 2016. Tre ordførar, fire kommunalsjefar og 24 rektorar og lærar reiste for å lære meir om entreprenørskap, innovative elevar og varierte undervisningsformer i Danmark. Røynslene frå studieturen byggjer under behovet for å få fram ei praktisk entreprenøriell

verktøykasse i Noreg. Programleiar Claus Røynesdal og rektor Ingunn Marie Myren i referansegruppa (sjå nedanfor) hadde til dømes kvar sine innlegg på Nordisk Ministerråd si konferanse om entreprenørskap i grunnskulen, København 17.11.2015. Kontakten med Nordisk råd er etablert, og presentasjon av dette prosjektet for Nordisk Ministerråd er difor eit naturleg steg vidare i denne felles utviklingsprosessen.

2.4 Utfordringar med entreprenørskap i skulen

Skulen er ein kompleks organisasjon. Den skal ta vare på, byggje og styrke tusenårige tradisjonar. Samstundes står skulen i eit spenningsfelt mellom fortid, notid og framtid. Skulen står midt i ein vadestad mellom det 20. hundreåret sitt industrielle samfunn og det 21. hundreåret sitt kreative kunnskapssamfunn. Dette gir utfordringar både til skuleeigar, skuleleiar, lærar og elev.

Den største utfordringa er at rektor må vere transformasjonsleiar. Han må omfortolke, skape og forvalte eit fellesskap tufta på normer og visjonar. Rektor må inspirere og drive utviklinga. Det krev bruk av rektor og skulen si tid. Tid til implementering og demokratiske prosessar i skulen. Det krev tid til å starte opp og halde ved like samarbeid med eksterne aktørar utanfor skulen. Det krev tid til å forankre arbeidet og tiltaka med tanke på læringsmåla i læreplanane.

Difor handlar entreprenørskap i skulen i første omgang at rektor ser entreprenørskap som ein måte å tenke skule på, ein måte å organisere skulen på, måtar å utvikle elevane og skulen på og som måtar å leie skulen på. Dersom ikkje rektor transformerer og "fasar inn" entreprenørskap på ein demokratisk god måte, vil bruken av entreprenørskap som metode ofte møte motstand. Vi kan skissere to ytterpunkt i måten lærarar ser på entreprenørskap:

1. Det positive synet
 - a. Entreprenørskap som realisering av hovudmåla i den generelle delen av læreplanen og måla i læreplanen for kva elevane skal lære på kvart trinn
 - b. Entreprenørskap er ein metode som optimaliserer arbeidet med å nå måla
 - c. Entreprenørskap gir både meining, trivsel, auka glede og betre resultat
 - d. Entreprenørskap er ei god måte å bygge omdømme av skulen på
 - e. Entreprenørskap gir meistring, variasjon, kunnskap, samarbeidskultur og glede
 - f. Entreprenørskap byggjer kapasitet på innovasjon, utvikling og gjennomføringsevne

2. Det negative synet
 - a. Ordet entreprenørskap står ikkje i mitt fag
 - b. Omgrepet entreprenørskap er ikkje presisert (godt nok) i lærebøker eller i læreplan
 - c. Lærebøkene handlar ikkje om entreprenørskap
 - d. Entreprenørskap handlar om "Mammon" og pengeverdiar, og står for det motsette av oppsedinga, danninga og verdifundamentet i skulen
 - e. Dette utfordrar (mine etablerte) undervisningsmetodar, og eg likar det ikkje
 - f. Ikkje ta timane til entreprenørskap frå mitt fag, og ikkje forstyrr meg!

Med 500 lærarar og skuleleiarar på dei 35 grunnskulane i Sogn, har vi synspunkt frå baa ytterpunkt godt representert. Det er, etter vår oppfatning, diverre framleis for mange som hører til den negative leiren. Det syner at endring tek tid, tålmod og strategisk innsats. Poenget med dette prosjektet er nettopp å kunne dokumentere og synleggjere, både for rektorar og lærarar, at ein kan i stor grad leggje vekk lærebøker og tradisjonelle undervisningsmetodar – og arbeide målretta med pedagogisk entreprenørskap som metode. På denne måten vil ein både oppnå og realisere

måla i læreplanen, samstundes som vi vil få ein enda meir variert, spanande og livsnær undervisning for elevane våre. I tillegg vil vi kunne lære elevane å sjå moglegheitene som ligg lokalt og regionalt. Det handlar om å trene oss opp til å sjå og realisere moglegheitene.

3. Prosjektorganisering

Dette prosjektet går over eit skuleår, frå 01.08.2016 – 31.07.2017. Det blir etablert ei prosjektgruppe og ei referansegruppe. Feios skule i Vik kommune er den gjennomførande part i prosjektet.

Deltakarane i prosjektgruppa: (alle stadfesta)

1. Jarle Christensen, rektor Feios skule, Vik kommune
2. Kari Sletten Samland, prosjektleiar, lærar, Feios skule, Vik kommune
3. Kristian Bergstø, prosjektmedarbeidar, lærar, Feios skule, Vik kommune
4. Irene Helleland, ressurslærar UiU, Flatbygdi skule, Vik kommune
5. Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Deltakarane i referansegruppa: (alle stadfesta)

1. Odd Rune Turvoll, næringssjef i Vik kommune
2. Bjarnhild Samland, oppvekstsjef Vik kommune
3. Frode Olav Haara, førsteamanuensis i matematikk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
4. Claus Røynesdal, programleiar i "System for styrka læring", Sogn regionråd
5. Ingunn Marie Myren, rektor Leikanger ungdomsskule
6. Ingvild Andersen, rådgjevar nærings- og kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

3.1 Vik kommune

Utvikling er eit langsiktig arbeid, som krev både tid, tålmod, kunnskap og engasjement. Vellukka utvikling fordrar at eigar og leiinga er aktivt involvert og eig prosjektet. Dette prosjektet har ei høg grad av medeigarskap frå øvste administrative leiing i Vik kommune. Næringssjef Odd Rune Turvoll er med i referansegruppa, medan oppvekstsjef Bjarnhild Samland er med i prosjektgruppa.

I mai 2013 var Vik kommune vertskap for den store entreprenørskapsmessa i Sogn. Då hadde vi eit tett og godt samarbeid med kommuneleiinga i Vik, og ikkje minst med næringsksamskipnaden. Det er sterkt ynskeleg at vi kan halde fram med tilsvarande samarbeid i dette prosjektet.

3.2 Feios skule

Invitasjon til å delta i dette prosjektet gjekk ut til alle skulane og kommunane i Sogn 9. mai 2016. Feios skule var den første til å respondere, der rektor Jarle Christensen også hadde drøfta invitasjonen med dei tilsette. Feios skule er ideell til dette prosjektet. Skulen er "uvanleg" i dag, ein 1.-10 skule med "berre" 40 elevar. Det er åtte lærarar tilsette på skulen, litt over sju årsverk med rektor. Til vanleg vil ein 1.-10 skule har fleire elevar, og langt fleire tilsette. I vårt prosjekt er Feios skule optimal. Dette er ein kollektivt- og utviklingsorientert skule. Skulen har i mange år arbeidd med entreprenørskap, og har eit tett samarbeid med lokalt arbeids- og organisasjonsliv. Feios skule er ein pilotskule, og den første 1.-10. skulen i landet som innførte iPad til alle elevane. Feios skule er ein føregangsskule når det gjelder innfasing og bruk av metoden STL+ (Skriving til lesing med lyd støtte). Skulen hadde til dømes to av 12 nominasjonar til Norsk Pedagogisk Dataforening i 2016. Lærar Aud Marit Berge Feidje fekk Gullepleprisen i 2016 for arbeidet med STL+.

3.3 Risikofaktorar

Prosjektteknisk er det ein føremon å arbeide med ein organisasjon som ikkje er for stor. Når det er 7 – 8 personar som jobbar på skulen, på 1.-10 trinn, vert dette utviklingsprosjektet eigd av heile

skulen. Dersom vi hadde køyrt prosjektet i ein stor 1.-10 skule, hadde risikofaktoren ved prosjektet vore forankring og medeigarskap hjå dei andre lærarane på skulen. På Feios skule vil heile personalet eige prosjektet, og vi vil difor ha godt utgangspunkt for å nå måla med prosjektet. God forankring i styringskjeda i Vik kommune, i tillegg til ei brei samansetting av referansegruppa, styrkar føresetnaden for suksess med prosjektet.

3.4 Prosess og framdrift

Hovudstogga i arbeidsprosessen ser slik ut:

1. 22. juni 2016 Forankringsmøte i Vik kommune. Møte med oppvekstsjef, alle rektorane i kommunen, næringssjef og programleiar Claus Røynesdal, Sogn regionråd
2. 1.-20. august. Prosjektarbeidarane les seg opp på faglitteratur
3. 24. august Oppstartsmøte med prosjektgruppa og referansegruppa på Feios skule
4. 8. september Sogn regionråd og Ungt Entreprenørskap arrangerer regionalt fagnettverk i entreprenørskap. Feios skule legg fram prosjektet til orientering
5. 15. september Fellesmøte med prosjektgruppa og referansegruppa
6. September Hospitering på skular i Noreg/ Norden som arbeidar spesielt godt med entreprenørskap
7. 3. november Presentasjon for alle rektorane i Sogn, på rektornettverket
8. 21. november Statusmøte med prosjektgruppa og referansegruppa
9. Nov. – april Utprøving av entreprenørielle arbeidsmetodar i faga
10. April – juni Skrivning av prosjektrapport
11. 9. juni Framlegging av førebels rapport til referansegruppa
12. 23. juni Framlegging av rapport til programstyret i "System for styrka læring"
13. 31. juli Ferdigstilling av rapport
14. September Presentasjon på regionalt fagnettverk i entreprenørskap i Sogn
15. November Presentasjon hjå Nordisk Ministerråd, København

4. Økonomi og finansiering

Budsjett

| Utgifter | | Finansiering | |
|--|----------------|-----------------------------------|----------------|
| Frikjøp av pedagogisk personale til prosjektet | 120 000 | UE S&F: Arbeidstid i prosjektet | 40 000 |
| | | UE S6F: Direkte til prosjektet | 40 000 |
| Kostnader knytt til hospitering | 50 000 | Sogn regionråd: Arbeidstid | 20 000 |
| | | Sogn reg. Direkte til prosjektet | 20 000 |
| Transport | 30 000 | Vik kommune: Prosjektgruppa | 20 000 |
| | | Vik kommune: Referansegruppa | 20 000 |
| | | Vik kommune: Direkte til prosjekt | 40 000 |
| Faglitteratur | 3 000 | Vik næringssamskipnad. Ref.grup | 10 000 |
| Administrative kostn. | 7 000 | HiSF. Referansegruppa | 10 000 |
| Arbeidstid i referansegruppa | 60 000 | Sogn og Fjordane fylkeskommune | 50 000 |
| Arbeidstid i prosjektgruppa | 50 000 | KS OU-midlar | 50 000 |
| SUM | 320 000 | SUM | 320 000 |

5. Rapportering og overordna styring

Prosjektet er eigd av Ungt Entreprenørskap og Sogn regionråd. Sogn regionråd søker eksterne aktørar om delfinansiering av prosjektet. Regionrådet har difor ansvar for rapportering for bruk av midlar og styring av pengane i prosjektet. Feios skule sender refusjonskrav til regionrådet for utbetaling av midlar til prosjektet.